



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 12.05.2026
Møtetid: 08:30 - -10:50
Møtestad: Litlås sanitetshus,

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Frank Erik Øksnes	medlem	U	
Morten Sognnes	ordfører	H	
Hege Ramsland	medlem	H	
Aslak André Bakke	medlem	H	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Terje Håland	medlem	AP	
Anette Kaland	medlem	AP	
Kristian Semmingsen Lerøy	medlem	AP	
Renee Hansen Semmingsen	medlem	SAM	
Ingeborg Lohne Hordvik	medlem	SAM	
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	medlem	SP	
Gro Kaland	medlem	SP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Per Lerøy	varaordfører	AP
Monika Thorpe	medlem	AP
Kristoffer Myklebusthaug	medlem	H
Oskar Nordgard	MEDL	H
Reidar Øksnes	MEDL	SP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
------	-------	-------	---------

Odd-Marthin Totland	Kristoffer	H
	Myklebusthaug	
Katrine Berge Longva	Per Lerøy	AP
Idar Johan Hopland	Monika Thorpe	AP

Følgjande frå administrasjonen møte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Britt Mary Skaalevik Lerøy	kommunedirektør
Trine Merete Jansen	kommunalsjef
Anne Hildegunn Færøy	kommunalsjef
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 26/2026	Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 12. mai 2026	
PS 27/2026	Godkjenning av møteprotokoll frå 9. april 2026	
PS 28/2026	Referatsaker til kommunestyremøtet 12. mai 2026	
RS 17/2026	Årsmelding Nordhordland legevakt	
RS 18/2026	Gjeldsrapport per 31. mars 2026	
PS 29/2026	Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret 12. mai 2026	
OS 4/2026	Orientering frå ordførar - vurdering av innføring av bompengar på fylkesveg 565	
PS 30/2026	Administrasjonsutvalet - endra samansetnad - val	

PS 26/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 12. mai 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Sak 26/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 12. mai 2026
Kommunestyret - 12.05.2026

Handsaming:

Varainnkallingar i dette møtet:

- Katrine Berge Longva (Ap) møtte for Per Lerøy (Ap)
- Idar Hopland (Ap) møtte for Monika Thorpe (Ap)
- Odd Marthin Totland (H) møtte for Kristoffer Myklebusthaug (H)

Oskar Nordgard (H) hadde forfall, det var ikkje kalla inn vara pga. kort varsel.

Reidar Øksnes (Sp) hadde forfall, det var ikkje kalla inn vara pga. kort varsel.

Ann Kristin Leirvåg (Ap) vart valt til varaordførar for dette møtet.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 26/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 12. mai 2026

Kommunestyret - 12.05.2026

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 27/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå 9. april 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå 9. april 2026 vert godkjent.

Sak 27/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå 9. april 2026
Kommunestyret - 12.05.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 27/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå 9. april 2026
Kommunestyret - 12.05.2026

Møteprotokollen frå 9. april 2026 vart godkjent.

PS 28/2026 Referatsaker til kommunestyremøtet 12. mai 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Referatsakene vert teke til vitande.

Sak 28/2026 Referatsaker til kommunestyremøtet 12. mai 2026
Kommunestyret - 12.05.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 28/2026 Referatsaker til kommunestyremøtet 12. mai 2026
Kommunestyret - 12.05.2026

Referatsakene vart teke til vitande.

RS 17/2026 Årsmelding Nordhordland legevakt

RS 18/2026 Gjeldsrapport per 31. mars 2026

PS 29/2026 Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret
12. mai 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret tek orienteringane til vitande.

Sak 29/2026 Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret 12. mai 2026
Kommunestyret - 12.05.2026

Handsaming:

Orienteringssaker ved kommunedirektøren:

Status investeringar og prosjekt, kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om status her.

- Kaland barnehage, arbeidet er i rute og ferdig i sommar
- Skisserapporten for nytt helse- og omsorgstun ligg ved innkallinga. Det kjem eiga politisk sak om dette til Levekårsutvalet 21. mai, deretter medverknadsråda og så formannskapet, og kommunestyret 17. juni.
- Fartshumpar Skoteneset i rute, kjem på plass i sommar
- Avlaup Blodvika/Kystlandsbyen, avventar å få på plass avtale med grunneigar Kystlandsbyen.
- Reinsing av avlaup som går til Søre Fønnesvågen, ser på andre løysingar som er rimelegare enn å pumpa dette til Nordre Fønnesvågen
- Prosjektet Solend-Førland, ulike læringspunkt her. Noko av det viktigaste er at ein ikkje hadde detaljprosjektering, og difor ikkje visste meir om kostnadene i forkant av at ein sette i gang arbeidet.
 - Her spurte Aslak Andre Bakke (H) om trafikksikringsmidlar frå fylket, her svara kommunalsjef Rosenlund at ein jobbar med å få ut 1,9 millionar kroner frå fylket til det arbeidet som er gjort, og jobbar med å få med meir midlar frå fylket om kommunen gjer meir arbeid.

- Morten Sognnes (H) viste til at det også er gjort noko asfaltering frå Solend-krysset og mot Njøta i samband med det same prosjektet. Sognnes spurte om skeiv vegbane på det nyasfalterte strekket. Rosenlund svara at det er lagt 3 cm asfalt på eksisterande vegbane, slik at dei skeivheiter som låg i vegen frå før, er der også etter at det er lagt nytt toppdekke. Rosenlund la til at det er von om at fylket legg ny asfalt på dette strekket.
- Morten Sognnes (H) spurte om avlaup Fonnes og avlaup Blodvika, om det er noko tidslinje her.
 - Kommunalsjef Rosenlund svara at det vert jobba med VA Kystlandsbyen og Blodvika, tidslinja er at det må skje så raskt som mogleg, men må ha avtale med grunneigar/bank for Kystlandsbyen. For Fonnes vil det gå lang tid før kommunen har midlar til å leggja leidning til Nordre Fonnesvågen, men jobbar no med å sjekka konteinarløysingar for å reinsa avlaup som i dag går i Søre Fonnesvågen, for å reinsa der heller enn å pumpa det til Nordre Fonnesvågen.
 - Gro Kaland (Sp) spurte om kva område dette omfattar reinsing for, fekk svar om at det omfattar heile Kaland-området.
- Lærarnorma, her orienterte kommunalsjef Trine M. Jansen, jamfør eigen presentasjon.
 - Ingeborg Lohne Hordvik ba om at det kom opp ei eiga sak om lærarnorma til politisk handsaming
- Status omstilling/nedbemanning, kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om at dette arbeidet går framover, er i fase to av i alt tre fasar.
- Økonomirapportering, kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om saka, jamfør vedlegget "Økonomirapportering mars 2026". Oppfordra til å ikkje løyva meir pengar no sjølv om 2026 ser relativt sett bra ut så langt.
 - Frank Erik Øksnes (Uavh) takka for orienteringa. Øksnes ba om at ein heldt auge med sjukefråværet no i ein periode med nedbemanning, for å unngå at kutt gjer auka fråvær. Kommunedirektør Lerøy svara at sjukefråværet har gått opp og at dette er noko som det må jobbast med.
 - Renee Semmingsen (Samlingslista) spurte om korleis renteauken påverkar økonomien. Kommunedirektør Lerøy svara at det vil påverka ein del, vil orientera meir om dette seinare.
- Andre saker som kom til:
 - Innføring av nytt EPJ-system, kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om at leverandøren Visma trakk seg ut av dette arbeidet like før

det skulle settast i drift. Vert jobba med på finna ein ny leverandør, og IKT Nordhordland jobbar opp mot Visma med tanke på refusjon for manglande leveranse.

- Kommunedirektør Lerøy orienterte om mogleg streik i kommunane, der eit evt. streikeuttak vil vera 29. mai. Har sett ned ei styringsgruppe i administrasjonen som ser på korleis dette skal løysast.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 29/2026 Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret 12. mai 2026

Kommunestyret - 12.05.2026

Kommunestyret tok orienteringane til vitande.

OS 4/2026 Orientering frå ordførar - vurdering av innføring av bompengar på fylkesveg 565

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek orienteringa til vitande.

Sak 6/2026 Orientering frå ordførar - vurdering av innføring av bompengar på fylkesveg 565

Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H), orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Rundkjøring i Leirvågkrysset.
 - Per Lerøy (Ap) spurte om det er mogleg å forhandla med fylket om å redusera frå ei rundkjøring i Leirvågkrysset til eit avkjøringsfelt, med tanke på at det er planlagt å setta inn to ferjer med avgang kvar halvtime.

- Morten Sognnes (H) sa at det er lagt opp til ein planvask, men fylket ønskjer rundkjøring.
- Fleire i formannskapet viste til at dagens kryssløysing er ulukkesutsett, med mange som kjem med ferja og skal ut i krysset.
- Morten Sognnes (H) sa generelt at det eventuelt må jobbast med å få ned kostnadene på dei ulike prosjekta, gjennom planvask.
- Signalet frå fylkeskommunen er at dersom ein går inn for ei utviding av Nordhordlandspakken, så vil mykje av inntektene gå til prosjekt som allereie ligg i del 1 av pakken. Sognnes sa at ein likevel vil jobba vidare med Nordhordlandspakken parallelt, men at ein då må jobba for vedtak i dei andre kommunane om at Austrheim skal ha sin del av inntektene.
- Per Lerøy (Ap) viste til årsdøgnstrafikken er høgare ved rundkjøringa på Mongstad (3490 kjøretøy) enn E39 forbi Vikanes (2600)

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak. Legg opp til å diskutera denne saka i kommunestyret i heildagsmøtet 12. mai.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 6/2026 Orientering frå ordførar - vurdering av innføring av bompengar på fylkesveg 565

Formannskapet - 18.03.2026

Formannskapet tok orienteringa til vitande.

Sak 4/2026 Orientering frå ordførar - vurdering av innføring av bompengar på fylkesveg 565

Kommunestyret - 12.05.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) orienterte om saka.

- Det er gjort eit arbeid opp mot fylkeskommunen med tanke på finansiering av ulike trafikksikringstiltak på og langs fylkesvegar, som rundkjøring i Leirvåg-krysset, gangveg frå Mastrevikane til Kilstraumen, med meir.

- Det som har komme fram av møta med fylket er at det ikkje er noko midlar å henta der, og kommunen har fått spørsmål tilbake om ein har sett på bompengar som ei mogleg finansiering.
- Har spelt dette inn mot regionrådet, med tanke på å få det inn i neste del av Nordhordlandspakken, men det er ikkje realistisk med tanke på at dei prosjekta som allereie ligg inne i pakken vert mykje dyrare enn planlagt. Treng også støtte frå alle de andre kommunane i regionen.
- Fylket sitt råd er at ein heller tar opp eit eige prosjekt med bompengar i kommunen. Ikkje eit populært prosjekt, men er noko kommunestyret må diskutera.
- Føringa frå fylket er at bomstasjonen må stå på det strekket der pengane skal brukast, altså på fylkesveg 565 gjennom Austrheim. Sognnes har spelt inn at det heller kan settast ein bom i krysset mot Kjeilen, med tanke på prosjektet i krysset der med rundkjøring, og undergang for fotgjengarar.
- Dette er ei sak der ein må ta ein god debatt. Må sjå litt inn i framtida, kva vil me med Austrheimsamfunnet og korleis skal me få det til?
- Om kommunestyret seier ja, er det framleis ein lang veg fram, dette skal godkjennast av fylket og Stortinget.
 - Terje Håland (Ap) viste til at det er ein del av bildet her er at trafikkmengda har gått opp, dei fleste ønskjer å transportera seg så raskt som mogleg, og så ser ein at det vert innført lågare fartsgrenser, fartshumpar og andre fartsreducerande tiltak.
 - Frank Erik Øksnes sa at det er mange ting som vert dyrare, vanskeleg å innføra bompengar i tillegg til høgare rente og auka VA-avgifter.
 - Terje Håland (Ap) sa at ein også må ha med seg kva konsekvensar det har om ein ikkje seier ja til bompengar. Ser ikkje vekk frå at om nokre år er fartsgrensa 50 kilometer frå Mongstad til Mastrevik, er det noko pendlarane vil ha?
 - Renee Semmingsen (Samlingslista) sa at det handlar om å setja to "onder" opp mot kvarandre. Er det mogleg å laga ei samling med ein open diskusjon med ungdomsrådet og dei som er engasjerte mot bompengar, på kva som er alternativa. Ha ein debatt der alle blir inkluderte.
 - Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) viste til at det også er innbyggjarar som har ytra seg om at dette med bompengar ikkje er ei utfordring. Trur det er slik at dei som skrik høgast i denne debatten får mest plass.
 - Ingeborg Lohne Hordvik (Samlingslista) sa at ein må sjå begge sider i denne saka, det kan vera ei stor utgift for enkelte.

- Aslak Andre Bakke (H) oppfordra til at ein jobbar med ein visjon for kva ein ønskjer å få til.
 - Hege Ramsland (H) oppfordra til å ta ein brei debatt om kva ein ønskjer å få til av tiltak i heile kommunen, korleis ein ønskjer at kommunen skal sjå ut om 15-20 år.
 - Idar Hopland sa at bommen ikkje evt. kan plasserast i Kilstraumen, for det vil berre føra til ei deling av kommunen.
- Det var fleirtal i kommunestyret om at det skal gjerast ei utgreiing om bompengar i Austrheim, der det vert gjort greie for behov for trafikksikringstiltak og mogleg finansiering. Administrasjonen får i oppgåve å førebu ei slik sak.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Det var fleirtal i kommunestyret om at det skal gjerast ei utgreiing om bompengar i Austrheim, der det vert gjort greie for behov for trafikksikringstiltak og mogleg finansiering. Administrasjonen får i oppgåve å førebu ei slik sak.

Vedtak i sak 4/2026 Orientering frå ordførar - vurdering av innføring av bompengar på fylkesveg 565
Kommunestyret - 12.05.2026

Det skal gjerast ei utgreiing om bompengar i Austrheim, der det vert gjort greie for behov for trafikksikringstiltak og mogleg finansiering. Administrasjonen får i oppgåve å førebu ei slik sak.

PS 30/2026 Administrasjonsutvalet - endra samansetnad - val

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Administrasjonsutvalet har fire medlemmer frå formannskapet. Desse er Morten Sognnes (H), Hege Ramsland (H), Per Lerøy (Ap) og Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp).

Ved forfall frå Høgre eller Arbeidarpartiet er det felles varaliste for H, Ap og Uavh (Uavh er Frank Erik Øksnes, tidlegare INP).

Ved forfall hjå Sp er det felles varaliste for Sp og Samlingslista.

Ann Kristin Leirvåg (Ap) er frå dette vedtaket ikkje medlem i administrasjonsutvalet, og kan heller ikkje kallast inn som vara for politisk.

Administrasjonsutvalet har tre medlemmer frå fagorganisasjonane. Kven desse tre medlemmene er, og vara, er det fagforeiningane sjølv som vel. .

Sak 30/2026 Administrasjonsutvalet - endra samansetnad - val
Kommunestyret - 12.05.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 30/2026 Administrasjonsutvalet - endra samansetnad - val
Kommunestyret - 12.05.2026

Administrasjonsutvalet har fire medlemmer frå formannskapet. Desse er Morten Sognnes (H), Hege Ramsland (H), Per Lerøy (Ap) og Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp).

Ved forfall frå Høgre eller Arbeidarpartiet er det felles varaliste for H, Ap og Uavh (Uavh er Frank Erik Øksnes, tidlegare INP).

Ved forfall hjå Sp er det felles varaliste for Sp og Samlingslista.

Ann Kristin Leirvåg (Ap) er frå dette vedtaket ikkje medlem i administrasjonsutvalet, og kan heller ikkje kallast inn som vara for politisk.

Administrasjonsutvalet har tre medlemmer frå fagorganisasjonane. Kven desse tre medlemmene er, og vara, er det fagforeiningane sjølv som vel.